

Notat

NVE ber i brev av 5. 8. 2025 om tilleggsinformasjon til søknad om auka vassuttak frå Olevatn i Øystre Slidre i Innlandet.

I dette notatet svarer Øystre Slidre kommune ut problemstillingar som ligg til kommunen.

Avsnitt under referer seg til avsnitt i NVE sitt brev.

Påverknad på vassdraget

NVE konkluderte under synfaring med at konsekvensar for vassdraget nedstrøms Olevatn var mangelfullt belyst. Søknaden manglar ny vurdering og tilråding om minstevassføring og om løysinga for slepp av minstevassføring gir tilstrekkeleg kontinuitet i vassdraget.

Noverande konsesjon har krav til minstevassføring på 20 l/s. Minstevassføringa er løyst ved at ein eldre inntaksleidning til vassverket går med full kapasitet frå Olevatn og slepp vatn ut i Oleåne 96 m nedstrøms oset. Leidninga har ein dimensjon på 170 mm med innvendig diameter på om lag 150 mm. Leidninga er ved utløpet litt klempt sidan leidninga ligg mellom to steinar. (Dimensjonen er eit snitt av diameteren kring røyret). Minstevassføringsleidninga har sitt inntak i Olevatn 78 m frå land og ligg på nivå 974,20 moh, sjå Figur 1. Inntaket ligg då på om lag 4 m djup. Utløpet av minstevassføringsleidninga ligg på nivå 975,60 moh. Olevatn har snittnivå 978,20 moh. På synfaringdagen 17. juni 2025 var nivået 978,05 moh. Under synfaringa vart kommunen bede om å kvalitetssikre / gjere ein ny teoretisk utrekning om kapasiteten til minstevassføringsleidninga. Slik det går fram av Sweco's Notat – svarbrev NVE er kapasiteten rekna til 20 l/s ved LRV 977,70 moh. Det tyder også at vi ikkje kan flytte utløpet til minstevassføringsleidninga nærare oset utan at mindre vasstrykk vil føre til redusert minstevassføring.

Eit anna arrangement for minstevassføring kan bli vurdert. Ei utfordring er at vi ikkje har tilgang på nettstraum. Mekanisk styrte arrangement vil difor vere uaktuelle.




Figur 1: Foto av inntaket i Olevatn. Noverande inntaksleidning er også å sjå på bilete.

Dialogen mellom våre konsulentar og NVE under synfaring langs Oleåne forstod kommunen hadde førebels desse konklusjonane:

- Fiskevandring i Oleåne forbi Vesleføss, Øvreføss og opp siste stryket opp mot oset i Olevatn vart sett på som umogleg å passere med mindre det var svært god vassføring. (Meir enn middelvassføring). Fiskevandring mellom Javnin og Olevatn vil i praksis vere avgrensa til periodane mai – juni og september – oktober. Vårt utvida uttak vil i desse periodane marginalt påverke vassføringa.
- Ei minstevassføring på 20 l/s har ingen funksjon for å betre fiskevandring, men vil sikre gjennomstrøyming av vatn i kulpar og lommer der det står fisk. Det er etter det vi forstår i samsvar med resonnementet som ligg til grunn for kravet til minstevassføringa i gjeldande konsesjon.
- For fisken i Javnin er det i realiteten berre elvestrengen nedstrøms Vesleføss som har betydning for gyting og oppvekstområde for yngel.
- Nedslagsfeltet til Oleåne er på 4,2 km², medan Olevatn har nedslagsfelt på 20,5 km². Oleåne får tilført om lag 20 % av sin vassføring ubunden av Olevatn.
- Vår konsulent SWECO gjer ein fagleg vurdering i eigen rapport.

NVE ber om djupnekart som viser reguleringssona ved ei regulering på 50 cm.

Kommunen har eit godt djupnekart for Olevatn, men presisjonsnivået på 50 cm og særleg i strandsona er ikkje tilgjengeleg digitalt. Produksjon av djupnekartet var med båt og ekkolodd. Sjølve strandsona bli da unøyaktig sidan vi ikkje får køyrt heilt til strandlina. Vi har utarbeidd manuelt kart med manuelle målingar kring vatnet ved å padle rundt vatnet og gjort fysiske målingar. Målingane vart utført 12. og 15. september 2025. Nivået på Olevatn var den 12. september 978.21 moh. Vi vel å ikkje lage kart med målestokkrett tørrleggingssone sidan variasjonar av strandsone mellom 0 og 10 m i liten grad vil bli synleg i normal kartmålestokk. Kartet vert oversendt også som eigen .pdf-fil, sjå vedlegg 2.



Figur 2: Djupnekart etter manuelle målingar kring vatnet utført 12. og 15. september 2025. Utarbeidd av Øystre Slidre kommune, sjå vedlegg 2.

Påverknad på vasskvalitet

«NVE saknar ei vurdering av kva ei auka regulering vil ha å seie for vasskvaliteten til råvatnet. Eit mindre volum i magasinet kan auka omrøring og føre til meir humus i vatnet.

- NVE ber om ei vurdering av om eit auka vassuttak kan føre til auka behov for reinsing av råvatnet.»

Det er korrekt at tilsig/avrenning til vatnet skaper større konsentrasjon av tilført humus og annan ureining dersom vassvolumet i Olevatn blir redusert. Vårt uttak til drikkevassformål er likevel så marginal i høve til vatnet sitt volum at endringar i konsentrasjon ikkje vil vere målbare. Endring i vassnivå på Olevatn i samsvar med vår konsesjonssøknad vil ikkje endre strømmingstilhøvet i vatnet eller føre til auka omrøring.

Lægre vasstand i Olevatn gir mindre kontakt med lausmassar i strandsona og utvasking av lause jordmassar. Låg vasstand og stabilt tørt ver er i så måte gunstig for fargetalet på råvatnet.

Utfordringa vi har kring vasskvalitet i form av innhald av humus og høgt fargetal i Olevatn er utelukkande knytt til tilsig frå omkringliggande areal. Store nedbørsmengder / styrtregn vaskar ut terrenget og tilfører humus, lausmassar samt fekal ureining frå avføring liggande i terrenget etter vilt og beitedyr. Klimaendringar med meir intens nedbør og meir utvasking i nedbørsfeltet er den største utfordringa vi ser med framtidig råvasskvalitet frå Olevatn. Vi opplever også ei ekstra omrøring i øvre skikt av vatnet dersom intens nedbør har annan temperatur enn temperaturen i sjølve vatnet. sjå Figur 3.



Figur 3: Til samanlikning med fotografia tidlegare i notatet viser vi her bilete take etter uveret «Hans» august 2023. Dette biletet illustrerer klårt redusert sikt i vatnet etter kraftig nedbør

Mindre sur nedbør frå Mellom-Europa dei siste 40 åra er dokumentert som ein årsak til auke i fargetal også i Olevatn. Faglitteratur drøftar no om vi er i ferd med å nå tilbake til ein «normaltilstand» når det gjeld surleik og med det også fargetal. (Sjå eige «Notat om langtidsverknader av klimaendringar»)

Olevatn vart som drikkevassskjelde godkjent av Mattilsynet med ei hygienisk barriere i behandlingsanlegget og den generelt gode vasskvaliteten i Olevatn godkjent som eigen hygienisk barriere. Endringar i lovverket og utvida krav til kvalitetssikring av drikkevattnet gjer at vi planlegg å bygge naudsynte hygieniske barrierar i vårt behandlingsanlegg. Oppgradering av behandlingsanlegget er planlagt etter at ny og utvida konsesjon eventuelt ligg føre. Konsesjonsvilkåra for uttak frå Olevatn vil bli styrande for dimensjonering av behandlingsanlegget.

Kvantifisering av uttaket

«NVE etterlyser ei kvantifisering av uttaket som eit snittuttak og ei skildring av kor ofte ein ser føre seg å bruke meir vatn i kortare periodar. Kor stort vil uttaket vere i periodar der Olevatnet er i bruk som reservevasskjelde, utan Mellsenn. NVE ber om eit estimert samla uttak gjennom året. Det må tydeleggjerast kva som er normalbehovet, og kva som er behovet i høgsesong for turisme.»

I gjeldande konsesjon kan vi ta ut maksimalt 3.600 m³ på eit døgn. Maksimalt 2.200 m³/døgn i snitt ein måned og maksimalt 1.350 m³ gjennomsnittleg uttak mellom 1. januar og 30. april. Kommunen ynskjer ein ny konsesjon der vi som hovudregel held oss til maksimal døgnuttak utan spesielle avgrensingar delar av året. Dvs. 40 l/s eller 3.640 m³/d. Vi ber i tillegg om høve til å ta ut store uttak på inntil 75 l/s i kortare periodar.

Inntaksleidninga til Ole Vassverk frå Olevatn til behandlingsanlegget ved Åsestølen har i dag ein transportkapasitet ved gravitasjon på om lag 40 l/s. Vi har trykkaukar på leidningsnettet som kan auke kapasitet til 75 l/s når det er trong til det. Vi søker med andre ord om uttak tilsvarande leidningsnettet sin maksimale kapasitet.

Estimering av uttaksbehov

Tabellen under syner produksjonen av vatn ved Ole Vassverk pr. måned dei siste tre åra, sjå Tabell 1. Vi ser at det ikkje er store skilnader mellom normalforbruk og periodar med høgsesong i turistnæringa. Beitostølen er ein «heilårsdestinasjon». Fastbuande og verksemdar elles bidreg til forbruk også i «lågsesong». Helger med mykje turisttrafikk er ofte avløyst med midtveker med mindre trafikk. Høg påsketrafikk er avløyst med stille veker før og etter. Lekkasjeforbruk er ein relativt konstant mengd som jamnar ut variasjonar i totalforbruket.

Tabell 1: Syner produksjonen av vatn ved Ole Vassverk pr. måned dei siste tre åra

Forbruk i m ³	Uttak 2022	Uttak 2023	Uttak 2024	Snitt 3 år
Sum år	565 057	536 519	564 206	555 260
Januar	42 484,05	51 171,18	48 430,86	47 362,03
Februar	43 422,99	46 473,36	53 258,29	47 718,21
Mars	45 853,49	39 860,83	58 709,24	48 141,19
April	50 237,31	40 856,32	49 937,73	47 010,45
Mai	43 888,28	38 095,81	53 039,25	45 007,78
Juni	45 312,02	40 003,17	55 916,75	47 077,31
Juli	53 455,72	47 907,07	46 008,98	49 123,92
August	51 834,29	40 619,00	37 676,26	43 376,52
September	47 414,69	42 293,38	37 922,00	42 543,36
Oktober	46 629,75	46 848,80	40 651,49	44 710,01
November	44 359,22	47 619,83	38 981,10	43 653,38
Desember	50 164,93	54 769,78	43 673,97	49 536,23

Heggenes-området har i dag sin vassforsyning frå private Vindin Vassverk SA. Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg seier at vass- og avløpsanlegg som hovudregel skal ha offentleg eigarskap. Kommunen plikter å overta vassverket den dagen Vindin Vassverk SA ynskjer å avvikle. Vindin Vassverk SA hentar sitt råvatn frå vatnet Sørre Vindin (nedstrøms Olevatn og

Javnin). Vindin Vassverk tek ut om lag 250.000 m³ råvatn pr. år. Råvatnet har høgt innhald av humus og vassverket har i behandlingsanlegget eit eige reinsesteg for fjerning av humus ved ionebytteprosess. Prosessen gir relativt høge produksjonskostnader. Etter ein kommunal overtaking ynskjer kommunen å forsyne Heggenes-området med vatn av betre kvalitet frå Olevatn. Leidningsnett frå Beitostølen til Heggenes er bygd. Meir rasjonell drift ved å ha eit behandlingsanlegg framfor to og eit enklare regime med klausuleringar i nedslagsfeltet for å trygge drikkevasskjeldene. Ved overføring av Heggenes-området til Ole Vassverk aukar behovet for råvassuttak frå Olevatn med 250.000 m³.

Øystre Slidre kommune er blant dei kommunane som har lågast prosentdel innbuarar tilknytt offentleg vatn- og avløp. Den er i dag om lag 48%. Kommunar det er naturleg å samanlikne oss med ligg nær 80%. Vi har 1417 separate avløpsanlegg i kommunen. Sanering av separate avløpsanlegg er ein stor oppgåve med mål å redusere ureining i vårt vassdrag. Kommunen har mål om å sanere tal avløpsanlegg vesentleg. Dei same kundane som får tilbod om offentleg avløp må samstundes få tilbod om offentleg vassforsyning. Det er ikkje økonomisk berekraftig å ikkje koordinere leidningsnett for transport av avløpsvatn med leidningsnett for vassforsyning.

Hovudplanen frå 1992 fokuserte på tre forsyningsområde – våre tre tettstader. Utom tettstadene er det utfordringar med vasskvalitet til gardsbruk og den meir grisgrendte busetnaden. Politisk påtrykk om at også mellomliggende områder med utfordrande vassforsyning også måtte få tilgang til offentleg vatn avla tankane om eit samanhengande leidningsnett gjennom heile kommunen. Vi fekk eit kommunestyrevedtak om det i 2007. I «kommunedelplanen for vassmiljø, vassforsyning og avløp (2017) er ambisjonen om eit samla leidningsnett og avløpshandtering gjennom heile kommunen stadfesta.

Om lag 400 eksisterande fritidsbustader (utom Beitostølen) ligg slik til at det er realistisk at dei vil få tilbod om tilknytning til offentleg vatn- og avløp dei næraste 25 år.

Ole Vassverk leverer forbruksvatn også til Raudalen i Vang kommune der det føregår utbygging vesentleg til fritidsformål.

Gjeldande og ny kommuneplan gir ein indikasjon på potensialet for bygningsmessig utvikling i Beitostølen-området i kommande planperiode. Kapasitetsbehovet ved Ole vassverk må ha ein horisont på min. 30 – 40 år fram i tid. Liknande behovsvurdering er gjort ved vurdering av avløpskapasiteten i området. Nybyggproduksjonen i leveringsområdet til Ole Vassverk dei næraste 25 år er stipulert i Tabell 2.

Tabell 2: Forventa nybyggproduksjon fram til 2050 i Øystre Slidre kommune.

Nybyggproduksjon fram til 2050		
Bustader / leilegheiter	< 5 stk./ år	100 einingar
Fritidsbustader	< 15 stk./ år	300 einingar
Fritidsleilegheiter (kommersielle)		250 einingar
Fritidsleilegheiter (private)		250 einingar
Handel- og restaurantverksemd	2.000 m ²	

I sum vurderer vi uttaksbehovet ved Ole Vassverk i 2050 til å være om lag 1.100.000 m³/år. Auken vil vere relativt lineær også pr. månad i samsvar med tabell 3. Med ein tryggleiksmargin kjem vi fram til den vassmengd som ligg til grunn for vår søknad. søknad. Vår søknad på 40 l/s gir potensiale for eit uttak på 1.328.600 m³/år.

Vassverket sin leveringsplikt

Drikkevassforskrifta § 9-1 slår fast vår plikt som vassverkseigar alltid å kunne levere tilstrekkeleg mengd drikkevatn til innbuarane i kommunen og med god hygienisk kvalitet. Drikkevatn er rekna som kritisk infrastruktur i vårt samfunn og vår plikt gjeld òg tilstrekkeleg mengd brannvatn. Det betyr at vi er pliktige til å levere den mengd vatn som våre kundar etterspør og innbuarar som kan knytast til kommunalt nett til ein realistisk kostnad. Dermed kan vi ikkje leve med uttaksgrenser i konsesjonsvilkår som hindrar oss å levere den mengd våre kundar etterspør.

År om anna overskrid vi gjeldande konsesjonsvilkår om maksimalt uttak i snitt på 1.350 m³ i vinterperioden. Dette konsesjonsvilkåret er for snevert for oss i dag. Vidare er eit uttak på maksimalt 3.600 m³/d eit vilkår som er til hinder for å kunne levere tilstrekkeleg brannvatn ved til dømes ein hotellbrann eller skogbrann. Eit slikt konsesjonsvilkår hindrar oss å gjennomføre spyling og reingjering av leidningsnettet på ein rasjonell og effektiv måte.

Når og kor ofte er det trong til utvida forbruk

Vi ber i vår søknad om i kortare periodar å kunne ta ut inntil 75 l/s for å kunne tilfredsstille vår plikt til å levere nødvendig mengd brannvatn. Dette gjeld større brannar som hotellbrann eller skogbrann der vi har leidningsnett tilgjengeleg. Vidare vil vi ha høve til å ta ut denne mengda i samband med spyling og reingjering av leidningsnettet. Vi gjennomfører spyling 1 – 2 gonger pr. år og arbeidsprosessen går over to døgn. I dag må vi la spyleprosessen gå over fleire døgn og med bruk av mindre mengd vatn slik at reinseresultatet blir dårlegare enn ynskjeleg.

Slike reingjeringsprosessar og brannredning ynskjer vi å kunne gjennomføre utan å bryte konsesjonsvilkår. Hotellbrann eller skogbrann har vi ikkje hatt i området siste 25 år. (Storbrannen ved Beitostølen Helsesportsenter 2023 kunne vi til orientering dekke ved ordinær vassforsyning og bruk av eksisterande bassengkapasitet) .

Når vil det vere behov for å nytte Olevatn som reservevassskjelde for Mellsenn.

Drikkevassforskrifta pålegg vassverk som forsyner meir enn 1.000 fastbuande å ha ei reservevassskjelde. Dette er vår motivasjon for å legge opp til at Ole Vassverk og framtidige Mellsenn Vassverk skal vere kvarandre sine reservevassskjelder.

Ole Vassverk har sidan kommunen overtok vassverket 1.1.1994 ikkje hatt krisehendingar der vi har måtte stenge av vassforsyninga på nettet. Kollstad Vassverk har hatt eit par leidningsbrot på sin hovudinntaksleidning sidan vi overtok vassverket 1.7.2007. Denne inntaksleidninga er gamal og ikkje ein del av leidningsnettet til nye Mellsenn Vassverk. Under leidningsbrota hadde vi annan vassforsyning med tankbilar i ei periode på om lag ei veke.

Vi har i perioden som eigar av vassverka hatt «påbod om koking av drikkevatnet» ved 6 – 8. høve. Dei gongene vi har hatt svikt i desinfiseringsprosessen i behandlingsanlegga, og soleis ikkje kunne levere hygienisk trygt vatn til våre kundar, kunne vi om vi hadde hatt ei reservevassskjelde forsynt frå denne kjelda. I så fall ville vi ha nytta ei reservevassskjelde i snitt 8 dagar kvart 4. år.

Drikkevassforskrifta gir råd om at vi skal ha til disposisjon ei reservevassskjelde som kan gje normal vassforsyning. Ei risiko- og sårbarheitsanalyse skal gje svar på behovet for tidskapasiteten for ei reservevassskjelde. Det er to hendingar som kan gje langvarig behov for reservevassskjelde. Det er sabotasje i vasskjelda som gjer råvatnet ubrukeleg som drikkevatn og brann i behandlingsanlegget. Desse «hendingane» er spesielle og har liten «sannsynlegdom».

Alle andre hendingar vil avgrense behovet for reservevasskjelde til om lag ei veke for kvar hending.

I vår konsesjonssøknad ynskjer vi at det vert lagt til rette for ei «dynamisk» grense for forsyningsområdet til Ole Vassverk og framtidig Mellsenn Vassverk, sjå Tabell 3. I praksis vil midtre delar av kommunen – Heggenes-området – i framtida kunne forsynast både frå Olevatn og Mellsenn. Det vil i stor grad vere konsesjonsvilkår og forsyningskapasitet som vil bestemme kven av vasskjeldene som i praksis vil forsyne Heggenes-området. Skulle vi ikkje få konsesjon for uttak i Mellsenn som omsøkt er vi heilt bunden av omsøkt vassmengd frå Olevatn. Leidningsnett til Heggenes-området er etablert frå Olevatn, men bygging av leidningsnett frå Mellsenn gjennom Nørre Rogne er ein kostbar og langsiktig prosess. Det vil ta meir enn ti år før vi har dette leidningsnettet komplett utbygd og med det Heggenes-området forsynt frå Mellsenn. Legg vi inn ein tenkt risikovurdering for ein driftsstans ved eit av vassverka på om lag 2 månader vil vi ha behov for overføring av om lag 100.000 m³ frå reservevasskjelde. Det er ein vassmengd som ligg inne i den tryggleiksmarginen vi har lagt inn i vår søknad om auka konsesjon for Ole vassverkmed potensiale for eit uttak på 1.328.600 m³/år.

Tabell 3: Mengd drikkevatn for dei ulike forsyningsområdene til Ole Vassverk og framtidig Mellsenn Vassverk.

Forsyningsområde		
Beito, Beitostølen, Skammestein, Raudalen	Heggenes	Rogne, Melbybråten, Moane, Volbu
Forsyning frå Ole Vassverk		
800.000 m ³	300.000 m ³	
	Forsyning frå Mellsenn Vassverk	
	300.000 m ³	600.000 m ³

Alternative løysingar

NVE viser til Vassressurslova § 23 i tredje ledd.

«NVE saknar ei betre forklaring for kvifor ein vel dette alternativet framfor tidlegare utgreidde forsyningsplanar i Øystre Slidre kommune. Er andre råvasskjelder i nabokommunen vurdert ?

NVE saknar ein forklaring for kva tiltak kommunen set inn for å redusere vassforbruket i periodar med vassmangel.»

Øystre Slidre kommune stiller spørsmål om Vassressurslova § 23 kjem til bruk. Vil vassverket sitt utvida uttak av råvatn i Olevatn til drikkevassformål vere av ein slik karakter at det blir definert til «å volde vesentlige skader eller ulemper» som gjer vurdering av annan lokalisering eller teknisk løysing naudsynt? Tiltaket kan etter vår vurdering ikkje ha «betydning for disponeringen av vassdraget for øvrig». Vi skal likevel forsøke å svare ut NVE sine spørsmål.

Det er korrekt at ulike konsulentutgreiingar skiftevis har tilrådd Mellsenn og Sandtangen som drikkevasskjelde for sørre delar av kommunen. For nordre delar av kommunen har tilrådinga relativt eintydig vore Olevatn.

Hovudplan vassforsyning 1992

Dei «store linene» innan vassforsyningsområdet vart trekt i «Hovudplan vassforsyning» utarbeidd 1992 av konsulentfirmaet Carl H. Knudsen på bestilling frå vassforsyningsnemnda som var i arbeid i perioden 1991 – 1995. Planen vart vedteke i K-sak 92/132 med oppfølging i K-sak 93/49.

Vi vurderte den gangen om kommunen skulle overta og bygge vidare på Beito Vannverk, Beito Høyfjellshotell sitt vassverk, med Beitetjern som vasskjelde, eller Ole Vassverk, Beitostølen Helseportsenter sitt opphavlege vassverk, med Olevatn som kjelde. Sjølv om Beito Vannverk hadde konsesjon for å regulere Beitetjern inntil 1 m vart nedslagsfeltet og tilsiget vurdert som for lite til å dekke framtidige behov.

Alternative vasskjelder i nord

Underteikna, som sekretær for vassforsyningsnemnda, fekk også i oppdrag å kartlegge Bygdin eller Vinstervatn som mogleg vasskjelde for nordre delar av kommunen. Nemnda var kjent med kommuneingeniør Voldum i Nord-Aurdal sin «kongstanke» om at Bygdin burde vere vasskjelde for alle tettstader mellom Beitostølen og Bagn i Sør-Aurdal med ein høgtliggande leidning til desse tettstadene. Det fantes dessverre ikkje «løfteevne» i kommunane til eit slikt gigantprosjekt.

Eg vart bede av vassforsyningsnemnda om å ta kontakt med grunneigarar og «Glommen og Laagen Brukseierforening» om uttak av vatn frå Bygdin til drikkevassformål. GLB var sterkt imot vårt ønske. Vårt ønske om uttak ville redusere avrenninga til kraftproduksjon. Eg var òg i kontakt med NVE for å be om draghjelp i dialogen med GLB eventuelt ved endring av konsesjonsvilkår. Vi ville òg diskutere eventuell kjøp av vatn til ein pris tilsvarende tapet av produsert kraft. Også det vart avvist. I dialog med Fylkesmannen sin miljøvernavdeling fekk vi presentert sterke motførestillingar mot overføring av vatn frå Laagenvassdraget til Begnavassdraget gjennom drikkevassproduksjon. Etter dette vart «ballen lagt død» for å nytte Bygdin eller Vinstervatn som drikkevasskjelde.

Vassforsyningsnemnda innstilte Olevatn som drikkevasskjelde for eit forsyningsområde frå Beito /Beitostølen i nord til Varpet/Nordtorp i sør.

Olevatn – einaste alternativ i nord

Olevatn er i realiteten einaste reelle vasskjelde nord i kommunen. Til Olevatn ligg det infrastruktur i form av leidningsnett, høgdebasseng, behandlingsanlegg og eit system med trykksoner og balansert dimensjonering av leidningsnettet som har ein gjenskapingsverdi på langt over 200 mill. kr. Det er ei samfunnsøkonomisk svært dårleg løysing om verdien av eksisterande infrastruktur skal nedskrivast og begynne på nytt med ei ny vasskjelde. Vi vil jo i stor grad støyte på dei same etableringsutfordringane ubunden av drikkevasskjelde og trasèval for leidningsnett vi vil måtte vurdere.

Det er sidan 1997 gjennomført 5 rundar med prøvefiske og analyse av helsetilstanden til fisken i Olevatn. Rapportane syner at helsetilstanden til fisken ikkje har blitt dårlegare etter etablering av vårt uttak til drikkevassformål. Dette trass i at ørekyte i perioden har blitt introdusert i vatnet. Kommunen har i samsvar med avtale med grunneigarane avsett fond som grunneigarane kan nytte til avbøtande tiltak og betring av veksttilhøva for fisken i vatnet. Rapport utarbeidd i 2017 gir råd om tiltak for å betre gyte- og oppveksttilhøva for aure i dei ulike bekkane som renn ut i Olevatn.

Vindin Vassverk

Midt i bygda hadde vi Vindin Vassverk som forsynte Heggenes-området. Vassforsyningsnemnda innstilte først på kommunal overtaking av dette vassverket, men kommunestyret gjorde seinare eit vedtak om at dei skulle forbli privat andelslag. Vassverket var til stor del finansiert av landbruksdepartementet som eit jordvatningsanlegg for bygdene Hegge og Volbu. Av mangel på drikkevassforsyning i Heggenes-området på 1970-talet vart anlegget også nytta til drikkevatt og fekk etter kvart over 400 abonnentar.

Kommunen er budd på at Vindin Vassverk SA på eit tidspunkt vil kome til kommunen og be om kommunal overtaking av vassverket eller drikkevassabonnentane. Vi vil da søke å avvike Sørre Vindin som drikkevasskjelde fordi vasskvaliteten er vesentleg dårlegare enn t.d. i Olevatt og med det høgare produksjonskostnader.

Sandtangen vs. Mellsenn

Hovudplan vassforsyning frå 1992 tilrådde Sandtangen grunnvasskjelde for eit forsyningsområde sør i kommunen. Under handsaminga av hovudplanen vart det samstundes vedtatt at Kollstad Vassverk skulle bestå. Kollstad Vassverk hadde på det tidspunktet allereie ei tinglest intensjonsavtale med uttak av vatn frå Mellsenn. Heilt sidan etableringa av vassverket hadde vassverket mål om å flytte inntaket til Nedrevatt og til sist Mellsenn. Kollstad Vassverk var i prosess med søknad om plangodkjenning med Mellsenn som vasskjelde da kommunen overtok vassverket i 2007. Kommunen overtok denne søkjarprosessen og vi fekk plangodkjenning endeleg stadfesta 24. juni 2011 etter behandling av klage frå «Foreningen for Mellsennvassdraget». Etter overtaking av Kollstad Vassverk har kommunen vore tvungen til å prioritere oppgradering av hovudleidningsnettet i bygda og soleis har investeringa i nytt inntak i Mellsenn med tilhøyrande arrangement måtte ligge på vent nokre år. Det er bakgrunnen for at søknad til NVE ikkje vart utarbeidd før 2024.

Sandtangen er ein grusavsetning ved utløpet av Volbuelve / Vala til Volbufjorden. Dette er den einaste grunnvasskjelda i kommunen med stort leveringspotensiale for drikkevassforsyning. Det er sett ned brønner og utført prøvepumping i fleire omgangar i perioden 1988 – 2003. Asplan-Viak gjennomførte eit forprosjekt i 2013 for å gje oss oppgradert svar på potensialet for Sandtangen som drikkevasskjelde. Arbeidet vart sett i gang for å gje eit beslutningsgrunnlag til «Kommunedelplanen for vassmiljø, vassforsyning og avløp (2017)». Våre politikarar valde Mellsenn til fordel for Sandtangen som hovudvasskjelde for søndre delar av kommunen trass i at Asplan-Viak konkluderte med at Sandtangen hadde potensiale som drikkevasskjelde. Kapasitet for uttak inntil 32 l/s ville kunne bli oppnådd med 3-5 filterbrønner. Nokre utfordringar har Sandtangen som våre politikarar peikte på:

- Kommunen hadde eit ope avfallsdeponi i indre del av Sandtangen. Deponiet er rydda og avskjerande grøfter og brønner er etablert. Det er ikkje avdekka ureining av noko slag, men det ligg mykje kjensler «i å nytte tidlegare søppelplass til drikkevasskjelde».
- Volbufjorden er regulert mellom 434,23 og 431,23 moh. Dette påverkar grunnvassnivået i grusavsetninga. Det gir m.a. nokre rare variasjonar i kjemiske verdiar - mellom anna pH-verdi. Variasjon i kjemisk samansetnad på råvatnet vil gje utfordringar i å kunne produsere drikkevatt med stabil kvalitet. Konsesjonen for regulering av Volbufjorden 3 m reduserer bruksverdien av «vår einaste grunnvasskjelde».
- Sandtangen vart sett under vatn flaumen 1995 og under uveret «Hans» 2023. Filterbrønnane og elvesletta må sikrast mot flaum.

- Kim-talet i råvatnet er høgt. Det indikerer at lausmassane på Sandtangen ikkje filtrerer bakteriar og mikroorganismar fullt ut. Vatnet har kort opphaldstid i filtermassane og er påverka av overflatevatn frå Volbufjorden og Volbuelve.
- Forsyning frå Sandtangen gjer oss bunden av mekanisk pumping av vatn til alle våre kundar. Frå Mellsenn kan vi levere konsumvatn med rett trykk ved gravitasjon. Det er vurdert som eit stort føremon når det gjeld samfunnstryggleik.

Alternativ til Mellsenn som drikkevasskjelde

Skulle vi søke samarbeid med nabokommune i sør måtte det bli å få vatn frå Nord-Aurdal kommune sitt vassverk som forsyner Fagernes. Vassverket har kapasitet på om lag 85 l/s, men har pr. i dag berre om lag 20 l/s i ledig kapasitet. Leidningsanlegg frå denne kjelda vil ha ein kostnad på over 100 mill. kr. før vi kjem til vår kommunegrense. Det finns ikkje ledig kapasitet til vårt forbruk og det er ikkje økonomisk berekraft i eit så omfattande leidningsanlegg. I vår VVA-plan er innsjøen Røyre omtala som potensiell drikkevasskjelde. Røyre har veldig likarta utfordringar som Mellsenn med aktivitet og krav til klausulering i nedslagsfeltet. Biologiske og akvatiske konsekvensar ved eit uttak frå Røyre vil vere som for Mellsenn.

Vi meiner at Mellsenn er eit veloverveid og godt val som drikkevasskjelde.

Tiltak mot «vassmangel»

Drikkevassforskrifta gir oss som vassverkseigar pålegg om å levere tilstrekkeleg vassmengd til våre innbuarar og brukarar. Noko som gjer oss små moglegheiter til å avgrense forbruket ved avstenging eller liknande.

Det er dei avgrensa konsesjonsvilkåra for perioden 1. januar – 30. april som er den største utfordringa for oss i dag. Det klassiske er at vi som vassverkseigarar kan innføre forbod mot hagevatning og bilvask. Dette er uttaksrestriksjonar som ikkje er aktuelle i den aktuelle vinterperioden da vi har utfordringar med redusert avrenning i Oleåne. Kommunen legg sjølv sagt all vedlikehaldsaktivitet som spyling av leidningsnett samt tapping og vask av basseng og liknande i periodar med mindre vassforbruk elles.

Øystre Slidre kommune er ein grisgrendt kommune det vi bor spreidd. Det betyr at leidningsnettet for vatn og avløp blir svært langt i høve til tal abonnentar. Lekkasjeforbruket blir av den grunn også høgt i høve til samla forbruk hos våre abonnentar. Øystre Slidre har låge vintertemperaturar som gjer det utfordrande å drive omfattande lekkasjesøk og lekkasje-reparasjonar vinterstid.

Vi har om lag 15 vassmålarar på nettet som gir kontinuerlege data om gjennomstrøyming. Vi får difor umiddelbar tilbakemelding om unormale høge forbruk og lekkasjar. Vi kan raskt aksjonere og drive aktive søk. Lekkasjesøk og lekkasjereparasjonar er ein prioritert aktivitet i sumarhalvåret.

Avbøtande tiltak

§ 12 i vassforskrifta slår fast at ny aktivitet eller nye inngrep som medfører at miljømåla ikkje blir nådde, kan godkjennast skal alle praktisk gjennomførbare tiltak settast inn for å avgrense negativ utvikling i vassførekomsten sin tilstand. NVE saknar fleire tiltak for å avgrense negativ utvikling av miljømåla.

Er uttak av meir vatn definert som «ny aktivitet eller nye inngrep»?

Auka gjennomsnittleg årsnedbør siste 30 år sett opp mot vårt utvida uttak balanserer ganske bra. Vi får ingen dramatisk endra situasjon i høve til opphavleg konsesjon. Klimaendringane vil over tid betre tilgjengeleg vassføring dei «kritiske» vårmånadene for vassføring frå Olevatn til Oleåne. (Sjå eige notat)

§ 12 i vassforskrifta og kravet til dokumentasjon av konsekvensar for biologiske, aquatiske og hydrologiske tilhøve i potensielle drikkevasskjelder tek fokuset vekk frå drikkevassforskrifta sine krav til fokus på drikkevasskvalitet ved utbygging. Det er til dømes openbart enklare å dokumentere mindre biologiske, aquatiske og hydrologiske konsekvensar ved eit uttak til drikkevassformål langs hovudvassdraget i kommunen enn i eit fjellvatn med avgrensa naturleg avrenning. § 12 fører til feil fokus. Det er openbart at vi søker vasskvalitet frå eit fjellvatn framfor å hente vatn i hovudvassdraget med dei utfordringar vi der har med landbruksavrenning, ureining og risikokartlegging i eit meir aktivt samfunnsliv.

Vår konsulent vil i sin rapport legge fram forslag til tiltak som kan betre tilhøvet for fiskevandring m.v. i Oleåne. Det er tiltak vi gjerne gjennomfører. Vi må likevel vere bevisst på at t.d. ein betring av tilhøve for fiskevandring kan skape nye aquatiske tilhøve i vassdraget.

Avbøtande tiltak i Olevatn har i inneverande konsesjonsperiode vore organisert av «Olefondet» ved at kommunen set av fondsmidlar til bruk av grunneigarane gjennom fondet. Denne organiseringa av tiltak har vist seg å vere bunden av eldsjeler som held aktiviteten oppe. Aktiviteten med fiskepleie har gått litt i bølger. Ein litt meir «robust» organisering kan styrke dette arbeidet. Vi har ein rapport frå 2017 som gir råd om tiltak i tilsigsbekkane til vatnet.

Andre tilhøve

NVE ber om ei vurdering kring vassuttaket sin påverknad på seterdrifta og beitenæringa i området.

Redusert vasstand i Olevatn vil ikkje gje beitedyr redusert tilgang på vatn. I beitesesongen er konsekvensen av vårt uttak knapt målbart i Olevatn og vil ikkje påverke nivået på grunnvatnet i området. Minstevassføringa i Oleåne vil sikre høve til drikke for beitedyr også langs Oleåne. Fysisk sett er vårt vassuttak ikkje til hinder for beitenæringa.

Det vart av landbruksnæringa hevda at auka tilgang på konsumvatn i Beitostølen-området vil legge til rette for auka utbyggingstrykk i området som igjen vil fortrenge beitebruken i området. Det er heilt andre planprosessar enn tilgang på konsumvatn som avgjer utbyggingstakt i eit sentrumsområde som Beitostølen.

Arealdelen til kommuneplanen inneheld føresegner for nedslagsfelta til drikkevasskjeldene i kommunen. Denne klausuleringa gjeld for Olevatn i dag og vil ikkje bli endra med auka uttak. Klausuleringane i omsynsonene kring drikkevasskjeldene har som mål å sikre drikkevasskjeldene mot ureining.

Punkt vi har notert oss i samband med synfaringa Olevatn 17. juni 2025

Nivå på Olevatn synfaringsdagen




Nivå Olevatn på synfaringsdagen 17. juni 2025 var 978,05 moh.

Dvs. 15 cm lågare enn definert middelasstand og

17 cm over lågaste målte nivå i utløpsterskelen (977.88 moh)

Vi ser at vassnivået på Olevatn var unormalt våren 2025, sjå Tabell 5. Det har vore snøsmelting også vinterstid. Det gir høgare vasstand enn normalt i januar – april. Vårnsnøsmeltinga har starta ein måned tidlegare enn normalt og vore mindre grunna mindre restsnømengd i nedslagsfeltet. Vasstanden er normalisert igjen kring 1. juli. Diagrammet illustrerer korleis ein spår at klimaendringane vil påverke avrenning i våre vassdrag framover.

Tabell 5: Vasstand i Olevatn 2024 og 2025.



Kor ofte og når går det ikkje lenger vatn over utløpsterskelen ?

Ole Vassverk har hatt daglege målingar av vassnivå på Olevatn sidan 2012.

Målingane viser at det ikkje har vore vassføring over terskelen i osen i desse periodane: Dvs
vasstand lågare enn 977,88 moh:

- 2013: 3 døgn i perioden 11.4 – 14.4
- 2021: 24 døgn i perioden 1.3 – 23.4
- 2022: 22 døgn i perioden 11.3 – 18.4
- 2023: 14 døgn i perioden 6.3 – 10.4
- 2024 og 2025 var ikkje terskelen tørrlagt.


Kor mykje blir Olevatn neddemt i høve til utløpsterskelen ?

Lågaste nivå på vasstand målt i perioden 2012 – 2025 er 978,85 moh (3 cm under terskel).

Sidan 2020 har minstevassføringsleidninga vore i drift heile året. Dvs utslepp av 664.000 m³ til minstevassføring. Det kan ha bidrage til noko lågare vasstand gjennom året.

Er elveløpet til Olevatn på noko tidspunkt endra ved gravemaskinarbeid ?

Det var stilt spørsmål om elveløpet i Oleåne ved osen på eit tidspunkt var bearbeidd maskinelt. Ortofoto frå 1963 syner at elvestrengen ikkje er endra. Det einaste vi ser er at det er lagt opp ei ranke med stein på innsida av elvebredda for å hindre utgliding frå vassverket sin VA-grøft.



Ortofoto av øvre del av Oleåne 1963 og 2024